

## Vaffelhjarte

*Trille og Lena er naboar og vene. Dei bur i Knert-Mathilde. Det har skjedd to veldig triste ting for Trille. Først døydde Tante-Farmor, og så måtte Lena flytte.*

Inni meg var eg berre trist. Eg hadde ingen å gå på skule med, ingen å leike med. Inni meg var ein stor vond klump. Det var nesten så eg lurte på om det var meiningsa eg skulle slutte å ete. Då eg fortalte det til farfar, foreslo han at eg skulle begynne å ete kokt kål og tran.

Farfar var elles det beste som fanst i livet mitt no. Då eg hadde opplevd den fyrste fredagen utan Lena, sat farfar og eg ved kjøkkenbordet hans og høyrd på vinden. Farfar hadde laga kaffi. Eg fekk ti sukkerbitar og ein halv kopp.

– Farfar, eg saknar Lena så veldig, sa eg til slutt og begynte å gråte igjen.

Då såg farfar på meg og sa at å sakne er den finaste triste kjensla som finst. Dei vi saknar, har vi inne i oss. Han slo seg på brystkassa så det small.

– Men farfar, ein kan ikkje leike med folk som er inne i her, sa eg og slo meg på brystet eg også.

Farfar nikka tungt og forstod.



### Oppgåver:

Sjå Elevbok 4A side 173.

Gjer oppgåvene 1, 2, 3, 4, 5, 6.